

**Arne Jonson** (1686 – 1760), sk. 1720, fødd i Årene, g. m. 1. **Gjønnete Torgiuldsdotter Frislid** (1693 – 1742) frå 123/1, g. 1743 m. 2) **Eli Hansdotter** (1707 – 1785). Born i fyrste ekteskap:

1. *Eli* (1724 -) g. 1754 m. Mattis Andersson, 1700- 1776. D. Åsen
2. *Jon Arneson*,  **neste brukar**
3. *Torgels* (1730 – 1764), g. 1760 m. Synneve Andersdotter Dalset (1731 – 1789). Føllesdal 93/2. Då han døy, flyttar ho til Åsen.
4. *Hans*, f. 1734, nemnd i skiftet etter mora i 1782

Ole Mikkelson Ytre Taklo var formyndar for Gjønnete i 1709. Jacob Nilsson Frislid tok over i 1714. I 1720 vart ho stemnd for retten av grannekona Kari Olsdotter Tippen (38/8), som skulda henne for høytjuveri i fjøsen. Kari hadde sett at Gjønnete «ragte sin haand ud igiennem Mellemgjerdet og ville tage Høe i hendes Fæhuus, hvorpaa hun og greb hende om haanden og holt hende een lang stund fast indtill hun paa det sidste bad sig løs.» Gjønnete svara med kontrasøksmål mot Kari, «for hendes haarde skielderi og Tyve-beskyldninger.» Gjønnete vart saksøkt igjen i 1725 «for hun skall have ønsked at Mons Nielssens [Tippens] Kohne aldrig at maatte blive forløst og derhos kaldet hende een hund [...]»

Arne Jonson var formyndar for 3 mindreårige frå Årene, etter to skifte i 1727 og 1738.